



Vår ref.: 2009/9954

Dykkar ref: 200901279-
/TSA

Arkivnr.: 420.0

Vår dato: 22.12.2009

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 200901279	Doknr.: 21
Mottatt: 28 DES 2009	
Saksbeh.: ASR/SEB/	Ark.: 470
Kopj:	Avskr.:

Høyring - utkast til ny jordskiftelov

Fylkesmannen i Rogaland syner til høyringsutkastet med forslag til ny lov om jordskifte motteke av oss 25.09.09.


Fylkesmannen er positiv til at dagens lov av 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) vert gjennomgått og endra med ei ny og meir oversiktelig lov, slik høyringsutkastet legg opp til.

Fylkesmannen har ingen merknader til dei enkelte lovføresegna. Me vil likevel nytte høve til å poengtere at det er naudsynt og viktig med ei lov som kan bidra til å sikre gode og tenelege eigar- og rettstilhøve, som igjen bidrar til betre drifts- og brukstilhøve i landbruket. Her spelar jordskiftelova og jordskifterettane ei viktig rolle, anten det gjeld uklare bruksrettstilhøve eller eigartilhøve, i eit utal av ulike sakstypar.

Fylkesmannen ser at jordskiftelova og jordskifterettane har eit større potensiale i by- og transformasjonsområde. Det er i denne forbindelse positivt at det blir fokusert på å forenkla reglane om "urbant jordskifte", jf. jskl. § 2 første ledd bokstav h) og i). Forenkling av reglane kring "urbant jordskifte" samt §§ 11-8, 3. ledd litra e) og 12-6 i plandelen til plan- og bygningslova av 2008 vil kunne føre til betre plan- og utbyggingsløyser i urbane område. For at desse verktøya skal bli brukt og kunne utnytte det potensialet som ligg i dei, er det eit vilkår at det er ressursar og kapasitet nok i jordskifterettane rundt om i landet til å ta unna desse sakene innan rimelig tid.

Med helsing


Anfinn Rosnes
fung. landbruksdirektør


Helene Medhus
rådgivar

Saksbehandlar: Helene Medhus
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 91
E-post: helene.medhus@fmro.no

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811